

## ORIENTERING OM ANKE OG ANNET

### Overprøving av avgjerder frå jordskifteretten

Avgjerder frå jordskifteretten kan ankast til lagmannsretten. Nedanfor er ei kort orientering om ankereglane.

### Ankefrist

Ankefristen er normalt ein månad om ikkje anna er bestemt. Ankefristen blir rekna frå dagen du får saka forkynt (dato for når saka blir rekna som forkynt, blir opplyst i forkynningsbrevet). Ankefristen blir avbroten av rettsferien dersom anna ikkje er bestemt. Det er rettsferie frå og med siste laurdag før palmesundag til og med 2. påskedag, frå og med 1. juli til og med 15. august og frå og med 24. desember til og med 3. januar, jf. domstolova § 140. Dette betyr at om du eksempelvis får forkynt ei avgjerd 15. juni, går ankefristen frå denne dagen til 30. juni. Deretter begynner den å gå 16. august og med så mange dagar som står att av ankefristen før ein når ein månad – i dette tilfellet 15 dagar til 31. august).

### Kva for reglar gjeld og kva må ei anke innehalde?

Reglane for anke varierer avhengig av kva for type avgjerd du vil anke.

### Dom, orskurd og vedtak

For desse avgjerdene gjeld reglane i tvistelova kapittel 29. I fylgje § 29-9 skal anken innehalde

- *ankedomstolen*
- *namn og adresse på parter, stedfortredere og prosessfullmektiger*
- *den avgjørelse som ankes*
- *om anken gjelder hele avgjørelsen eller bare bestemte deler av den*
- *det krav ankesaken gjelder, og en påstand som angir det resultat den ankende part krever*
- *de feil som gjøres gjeldende ved den avgjørelse som ankes*
- *den faktiske og rettslige begrunnelse for at det foreligger feil*
- *de bevis som vil bli ført*
- *grunnlaget for at retten kan behandle anken dersom det kan være tvil om dette*
- *den ankende parts syn på den videre behandling av anken*

### Jordskifteavgjerd

Om du vil anke ei jordskifteavgjerd, gjeld reglane i jordskiftelova kapittel 8. Desse reglane gjeld og om jordskifteretten har halde skjønn som del av ei jordskiftesak etter jordskiftelova §§ 5-1 til 5-3. I fylgje jordskiftelova § 8-5 skal anken i slike saker innehalde

- *namnet på ankeinstansen*
- *saksnummer og kva avgjerd anken gjeld*
- *om anken gjeld heile avgjerda eller berre visse delar av henne*
- *ankegrunnane, der det skal stå kvifor ein ankar og kva ein vil med anken*

Når anken gjeld jordskifteavgjerd, blir som hovudregel alle som var partar i jordskiftesaka med som partar i ankesaka.

### Verdigrense ved anke over dom

Som hovudregel kan ikkje lagmannsretten behandle anke over dom som gjeld verdiar mindre enn 250 000 kroner (jf. tvisteloven § 29-13). Om det kan vera tvil, bør du forklare kvifor ankegjensanden er verdt meir, eventuelt kvifor lagmannsretten likevel bør behandle anken. For anke over jordskifteavgjerd gjeld ikkje regelen om verdigrense.

### Rettsforlik

Rettsforlik er ikkje ei avgjerd teken av jordskifteretten og kan heller ikkje ankast. For å få avgjort om forliket kan bli oppheva, må du gå til søksmål for tingretten (jf. tvisteloven § 19-12).

---

**Kostnader**

For anke til lagmannsretten må du betale eit gebyr på 24 gonger rettsgebyret. For tida er rettsgebyret kr 1243, slik at gebyret blir kr 29832 (jf. rettsgebyrlova § 8). For anke over orskurd er gebyret kr 7458. Tek behandlinga i lagmannsretten meir enn ein dag, er gebyret for dei neste fire dagane tre gonger rettsgebyret per dag. Deretter er gebyret 4 gonger rettsgebyret per dag. I tillegg til gebyret kjem utgifter lagmannsretten har til mellom anna meddommarar.

Om anken blir trekt før det fyrste rettsmøtet, er det reglar for reduksjon av gebyra. Om saka blir forlikt blir også gebyra redusert.

Lagmannsretten kan krevje forskott på kostnadene.

**Kvar anken skal sendast**

Anken skal underskrivast og stilast til lagmannsretten, men sendast til jordskifteretten.

**Meir informasjon**

Om du har spørsmål om ankereglane eller anna, vil dei tilsette ved jordskifteretten kunne svare deg.

Twistelova § 3-8 gir både part og prosessfullmektig rett til å be retten fastsetje godtgjering prosessfullmektigen skal ha av sin klient. Frist for slikt krav er ein månad etter forkyning av avgjerda.

Sjølvprosederande partar kan anke munnleg ved å møte fram personleg i jordskifteretten. Du vil då kunne få hjelp til å setje opp anken. Det same gjeld for prosessfullmektig som ikkje er advokat.

**Matrikkelføring og tinglysing**

Når anken er behandla og saka rettskraftig, vil jordskifteretten sørge for nødvendig tinglysing og sende melding til matrikkelfører.

---